



Byglandsnytt nr. 45 – mai 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,
post@bygland.kommune.no. www.bygland.kommune.no
Neste utgåve: 01. juni 2023. Send tips innan 26.05.

Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **NAV Bygland**: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00 (ikkje Kristi himmelfart)

Stengetider i mai

Kommunehuset og sentralbordet er stengt
følgande dagar grunna høgtidsdagar

- måndag 1. mai
- onsdag 17. – fredag 19.05.
- måndag 29.05.



God 17. mai *(for festprogram sjå s. 8)*

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Bygland legekontor

Sentrum 18, 4745 Bygland

- I partallsuker: tysdag, onsdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00.
- I oddetallsuker: tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00

Evje legekontor

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

- mandag til fredag kl. 08.00 - 15.00.

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	-
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Kommunestyremøte:** 04.05. kl. 19.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 08.05. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 08.05. kl. 15.30
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 30.05. kl. 16.00
- **Formannskapsmøte:** 31.05. kl. 09.00

Kunngjeringar

Ingen nye kunngjeringar for tida.

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Ledige stillingar

Bygland Kommune, Pleie og omsorg: 100% vikariat sjukepleiar

Søknadsfrist **31.05.2023**. Webcruiter-ID: 4655452286

Om stillinga

I eining for pleie og omsorg har vi ledig eit 100% vikariat i tidsrommet 01.06.23 - 31.08.24, med moglegheit for forlenging. Arbeidsstad er for tida Byglandsheimen.

Vi søker etter ein sjukepleiar som kan bidra til å styrke våre team av kunnskapsrike og dyktige tilsette. Eininga er inne i ei spennande omstilling og den som vert tilsett får ta aktivt del i denne.

Stillinga har 3-delt turnusvilkår med arbeid kvar 3.helg samt 4 netter i 6 vekers turnus. Les meir om stillinga i annonsen på Webcruiter.

Kontaktinformasjon

Andre spørsmål om stillinga kan rettast til avdelingsleiar Kristina Ose tlf. 995 30 799 eller e-post kristina.ose@bygland.kommune.no



Bygland Kommune, Pleie og omsorg:

Vi treng tilkallingsvikarar i pleie- og omsorgstenesta

Kan du tenke deg å vere tilkallingsvikar hos oss på Byglandsheimen/open omsorg? I såfall treng vi deg!

Om dette er interessant for deg, kan du ta kontakt med Marthe A. Håvorstad Homme på e-post marthe.homme@bygland.kommune.no eller ringe henne på tlf. 476 80 988

Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida www.bygland.kommune.no under meny punkt Ledige stillingar

Nye kollegaer i Bygland kommune

- **Geir Knutsen** startar som ny personalsjef 2. mai
- **Runar Granheim** startar som ny økonomikonsulent 2. mai
- **Beate Granhaug Andersen** startar som ny flyktningkonsulent 2. mai

Vi ønskjer våre nye kollegaer velkomen til Bygland kommune! 😊

Helse

Koronavaksine - vaksinetilråding for våren 2023

Det blir tilbod om oppfriskingsdose til alle over 75 år i Bygland kommune.

Du kan møte opp i leilegheita på Byglandsheimen denne dagen:
torsdag 11. mai kl. 10.00 – 14.00



Hørselskontakt-tenesta i Bygland kommune

Hørselskontakt er Anne Marie Ingebretsen. De finn hørselskontakten på Byglandsheimen måndager i oddetalsuker frå kl. 8.00 til kl. 15.00.



Ta kontakt på tlf. 95704555 for å gjere avtale eller om det er noko anna du lurar på i samband med høyreapparater, hørselshjelpemiddel e.l.

LMT Setesdal: Audiograf (høyrse)

Tilbod til dei som har høyrselelaterte utfordringar, pårørande og helsepersonell.

Interkommunal audiograf og høyrselekontaktane i kommunesamarbeidet; Evje og Hornnes, Bygland, Åseral, Valle og Bykle har

LMT SETESDAL
LOKALMEDISINSKE
TJENESTER

Setesdalssamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes og Åseral

oppretta eit høyrselesteam som har som føremål å tilby innbyggjarar saumlaus høyrseleshjelp av god kvalitet. Teamet gjennomfører kartlegging og tilrettelegging hos innbyggjarar med høyrseleutfordringar i heimen og utviklar dessutan høyrselesomsorgen i kommunane.

Timebestilling til audiograf, inngang Evje Legesenter

- Høyreapparat kontrollar og høyrsele testar
- Nye brukarar blir tilvist til utgreiing på Høyrselecentralen fyrste gongen
- Timebestilte avtalar følgjer frikort og vil ha ein eigenandel på 375 kr. pr. konsultasjon

Bestill time via Høyrselecentralen i Arendal i tidsrommet 09.30-11.30 på

tlf. **37 01 48 20** (OBS! Her hadde vi feil telefonnummer i april-utgåva. Beklagar! Telefonnummeret ble retta på LMT Setesdal si nettside og her.)

Drop-in/10 minuttar med service hos audiografen, inngang Evje

Legevakt: Torsdagar frå kl. 15:00 – 16:00.

Gratis for innbyggjarar i Setesdal-samarbeidet, men kostnader (materiell+porto) kan kome til.

På drop-in / service kan audiografen hjelpe deg med:

- Sende inn høyreapparat til reparasjon til leverandør
- Ta avstøyping til nye proppar (høyreapparata, symjing, jakt)
- Skifte nokre delar på høyreapparata
- Hjelpe til med slangebyte
- Tilbakestille høyreapparatet til opprinnelege innstillingar
- Fjerne pipelyd og skrapelydar i høyreapparat
- Kople til app og mobil
- Ladeutfordringar

Kommunebesøk - Interkommunal Audiograf besøkjer kommunane og tilbyr servicetimar og kurs, og samarbeider med høyrselele kontaktar og annan helsepersonell desse datoane: **Bygland: 12.05.**

Les meir på nettet: www.e-h.kommune.no

Byglandsheimen

Open dag på Byglandsheimen onsdagar kl. 11.00 -14.00. **(IKKJE 17. MAI)**

Programansvarleg: Margit Smedsland, tlf. 90 22 55 03. Variert program. Enkel servering.



Bilete: Byglandsheimen.

Fotograf: Margit Smedsland

Drift og forvaltning

Ungskogpleie

Det er i Agder sett i gang eit ungskogprosjekt for å fokusere på skjøtsel av framtidsskogen.


Bygland kommune har auka tilskotet til ungskogpleie frå 30 % til 50 %.

Tilskot til markflekking er framleis 30 %. Tilskot til planting vil ein kunne få ved tettare planting.

Ynskjer du å utføre ungskogpleie i eigen skog kan du ta kontakt med faghjelp Kjell Arne Rosseland på tlf. 918 35 575 eller skogbrukssjef Inge Olav Fjalestad på tlf. 379 35 351.

Skogkveld om ungskogpleie

Skogeigarlaga i Setesdal arrangerer skogkveld tysdag 9. mai kl. 18.00 på Longerak. Parkering ved rv. 9 omlag 600 m nord for nordre avkøyring til Longerak. Tema ungskogpleie: Praktisk utføring, val av framtidstreet, tilskott og bruk av skogfond m.m.



Bilete: pixabay.com



Bilete: Skogeigarlaga i Setesdal

Tilskott til miljøtiltak i skog 2023

Landbruksdirektoratet har sett av 5,5 millionar kroner til miljøtiltak i skogbruket
Det kan gis tilskott til skjøtselstiltak av:

- Nøkkelibiotopar
- Friluftslivstiltak og synleggjering av kulturminner.
- Fjerning av frøformerte planter av utanlandske treslag utanfor produksjonsbestand av slike treslag.



Bevaring av:

- Kan etter søknad inngå fleirårige kontraktar med skogeigare om bevaring av nøkkelbiotopar. Tilskott kan òg gevast til å ta vare på område rundt rovfuglreir og spelområde for tiurleik.
- Dekking av meirkostnadar for å unngå vegbygging som vil redusere «villmarksprega områder».

Meir informasjon om korleis de skal søke finn de på Bygland kommune si heimeside. De kan òg ta kontakt med skogbrukssjefen på tlf. 37 93 53 51 eller e-post inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Otra vassområdekoordinatoren informerer: Vårtiltak som involverer vatn og vassdrag

Har du planar om vårtiltak etter ein lang vinter som kan involvere vatn og vassdrag hos grunneigarar i Bygland kommune?

I dette samband minner vassområdekoordinatoren for Otra vassområde om at det kan søkjast om løyve til å utføre tiltak i vassdrag etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag på Fylkeskommunen si nettside (agderfk.no/vare-tjenester/klima-natur-og-friluftsliv/vannforvaltning/).

Det er lovkrav om løyvet av tiltaket er omfatta av eit eller fleire av følgjande punkt, uavhengig av vedtak etter andre lovverk (eksempelvis plan og bygningslova, eller skogbilvegforskrifta):

1. medfører eller kan medføre fare for degradering av produksjonsmoglegheiter for fisk eller andre ferskvassorganismar,
2. bygging av tersklar, graving av fiskehølar og utlegging av større steinar som kan auke eller forskyve fangst av fisk i vassdrag, og
3. har til hensikt å forandre fiskeartar sin produksjon, bestandsstorleik eller utbreiing.

Samtidig vil vi informere om at du søker løyve til fjerning av kantvegetasjon jf. vassressursloven hos Statsforvaltaren (statsforvalteren.no/nb/agder/Miljo-og-klima/Vann/kantvegetasjon/).

Akselrestriksjonar

Frå og med onsdag 12.04.23 kl. 08.00 ble det med heimel i Veglova §7 innført aksellastrestriksjonar på alle kommunale vegar tilhøyrande Bygland kommune



på grunn av teleløysinga. Tillatt akseltrykk i denne perioden er 6 tonn.

Veg til Vassendøya, - Nesmoen industriområde, - veg til Varmesentralen på Bygland og veg frå Rv. 9 via Stasjonsområde til Senumsvegen , på Byglandsfjord , er unnateke ordninga.

Generell dispensasjon gjeld for:

- Rutegående persontransport
- Mjølk tankbil
- Slaktebil og bil for nødslakt
- Renovasjonsbil
- Bergingsbil
- Septiktankbil

Opplysningar elles er å finne i veglista frå Statens vegvesen.

Det ble sett opp skilt. Restriksjonane gjeld til dei vert oppheva / melding på Bygland kommune si heimeside / facebookside.

Førespurnader om dispensasjoner rettes til Bygland kommune, Drift og Forvaltning, tlf 37934756, evt. 948 26 003.

Oppvekst

Maipynt i Bygland sentrum

1.-4. klasse på Bygland skule har planta påskeliljer i rundkjøring / rundgåinga mellom biblioteket og kyrkja.

Vi takkar elevane og lærarane for denne fine dugnaden. 😊



Bilete: Nyplanta påskelilje i Bygland sentrum. Fotograf: Olav Grendstad

Markering av 8.mai på Knutsbakk

Barnehagen og Bygland skule 1.-10. klasse gjeng i tog frå skulen kl. 09.45, måndag 8.mai. Det blir tale frå 2 av årets 10. klassingar og nedlegging av blomar ved bautaen. Alle som ynskjer å møte opp for å markere denne dagen er hjarteleg velkomne til å vere med.



Bilete frå barnetoget 2019. Fotograf: S. Hegenscheidt



PROGRAM 17. MAI 2023 BYGLAND KOMMUNE

- 11:00 Gudsteneste i Bygland kyrkje.
Gudstenesta vert også overført digitalt til Byglandsheimen.
- 12:00 Knutsbakk: Kransenedlegging og tale ved elevar frå 10.klasse.
Korpset spelar.
Tog frå Knutsbakk til Byglandsheimen.
Konferansier ved Byglandsheimen: Leif Sigurd Helle.
Musikalsk innslag frå korpset.
Tale: Runar Granheim.
Tog tilbake til Bygland skule.

PROGRAM VED BYGLAND SKULE

Matsal, natursti, skyting og leikar startar.
Konferansier: Jørund Kvaale Hansen.
Tale for dagen ved Else Mari Langerak.
Underhaldning.
Premieutdeling.

Velkommen! Me ynskjer alle ei god og minnerik feiring!

Kun Vipps eller kontantar.

Plan, bygg og eigedom

Ope møte om utvikling av Byglandsfjord sentrum 23. mai

Velkomen til ope møte i Årdalshallen tysdag 23. mai kl 18.00.

Er du opptatt av kva som skjer i Byglandsfjord sentrum? Vi ønskjer innspel til gode tiltak og grep for å skape godt bumiljø og trivsel for alle.

Innspela vil bli brukt i arbeidet med ein moglegheitsstudie og endring av reguleringsplan. Vel møtt til ein triveleg og inspirerande kveld!



Bilete: Byglandsfjord stasjonsområde. Fotograf: Johannes Hansen

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

Følg med vår heimeside

bygland.kyrkelyd.no og på

Facebooke.

Kontakt

Sokneprest:

Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Andaktar på Byglandsheimen i mai

- tysdag 02.05. kl. 14.00
- tysdag 16.05. kl. 14.00
- tysdag 30.05. kl. 14.00



Gudstenester (med atterhald)

- onsdag 17.05. kl. 11.00, Gudsteneste i Bygland kyrkje v/ Kjell Steinbru

Konfirmansjogudstenester

- laurdag 20.05 kl. 11.00 Austad kyrkje, Tveit
- søndag 21.05. kl. 11.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø
- søndag 28.05. kl. 11.00 Bygland kyrkje
- søndag 28.05. kl. 14.00 Årdal kyrkje, Grendi

Alle konfirmantgudstenester ved Frode Eikrem (prest), Malin Hegenscheidt (assistent) og Knut Olav Uppstad (organist).



Bilete: Bygland kyrkje. Fotograf: S. Hegenscheidt

Vi ønskjer alle konfirmanter ein strålande festdag! ☺

Våronna på kyrkjegardane i Bygland

Dugnadar på kyrkjegardane i Bygland våren 2023.

- Årdal kyrkje torsdag 4.mai kl. 18.00
- Bygland kyrkje fredag 5.mai kl. 18.00
- Sandnes kapell måndag 8.mai kl. 18.00
- Sandnes kyrkje Åraksbø tysdag 9.mai kl. 18.00
- Austad gamle kyrkjegard onsdag 10.mai kl. 18.00
- Austad kyrkje Tveit torsdag 11.mai kl. 18.00



**BYGLAND OG ÅRDAL SOKNERÅD TAKKAR
ALLE SOM ER MED PÅ DUGNADANE.**

bygland.kyrkelyd.no

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske/Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland, e-post: post@bygland.frivilligsentral.no. Nettside: bygland.frivilligsentral.no



INFO: Anne Fauske er fråverande ut mai.

Dei fleste planlagde aktivitetane vil gå sin gang. Ved spørsmål ta kontakt med Aslak Brekke tlf. 916 93 675, eller med Olav Grendstad tlf. 906 65 459 for bruk av **BUA**.

Vikar for Bygland frivilligsentralen si **Facebook side** er Susanne Hegenscheidt/Sentralbord i Bygland kommune, tlf. 37 93 47 00

Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Besøksven for eldre

Andre aktiviteter:

- Seniorcenter: annankvar måndag i oddetalsvekar, kl. 11-14, Pakkbua på Byglandsfjord (med vikarløysing i mai)
- Bingo: annakvar tysdag kveld kl. 18-20, Bygland frivillig-sentral (med vikarløysing i mai)
- Bygdemiddag: annankvar tysdag kl. 16.30–18 (02.5.)
- Open dag på Byglandsheimen: onsdagar kl. 11-14 (ikkje 17.05.)
- Styrketrening: torsdag kl. 13-14.30, Byglandshallen (ikkje 18.05.; vikar: Astrid)
- Strikkefé: 1. og 3. torsdag, kl. 18.00 – 20.00 (04.05. ikkje 18.05.)
- Språkkafé: annankvar tysdag (i oddetalsveker) kl. 12.00 – 13.00, Bygland frivilligsentral (09. og 23.05.)
- Tysdagskafé: annankvar tysdag kl. 12.00 – 14.00 (ikkje i mai)
- Onsdagsklubben i Årdalshallen for 5.-7. klasse: annankvar onsdag (i partalsveker) kl. 19 – 20.30 (03. med vikarløysing; ikkje 17.05.)

Bygland ungdomsklubb (Følg med på klubben si Facebook-gruppe ☺)

mån: 18.30-20.00, 5.-7. klasse, Byglandshallen

mån: 20.00-22.00, 6.-10. klasse, same sted

ons: 19.00-22.00, 6.-10. klasse, same sted



Klubbkvelder 1 gång/månad:

fre: 18.00 - 21.00, 5.-7. klasse, Årdalshallen.

lau: 19.00 - 23.00, 6. klasse – VGS, Byglandshallen

Tømekalender for Bygland kommune – mai 2022

- *Matavfall og restavfall*: veke 18: torsdag 04.05.
- *Papir og plast*: veke 16: tysdag 16.05.
- *Matavfall og glass/metall*: veke 16: fredag 19.05.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (10.05.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (ikkje i mai)

Syrteit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 45:

Bilete: Framside: 17.mai samling av Marit S.

Kvaale. Innhald (m. m. anna er spesifisert):

pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva

skjer: Lina Elwers. Takk til alle fotografer!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg. Byglandsnytt juni

2023: 01.06., skrivefrist 26.05.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygdekinoen

Bygdekino i mai utgår pga. onsdagen er 17. mai, og onsdag veka før og etter er oppteken i andre kommunar.

Bygland filmklubb – søndag 21. mai

kl. 19.00: EVERYTHING, EVERYWHERE, ALL AT ONCE (2022)

med Michelle Yeoh, Stephanie Hsu, Ke Huy Quan, James Hong, Jamie Lee Curtis, Jenny Slate, Harry Shum Jr.

Alder: 15 år. Språk: Engelsk. Sted: Bygland kulturscene



YMSE

BYGLAND TURISTKONTOR på

Stoga kulturkafé, Presteneset 10,
4745 Bygland: fredagar kl. 15-20
og søndager kl. 13-20, kaffe &
meir, tlf. 907 81 105



Bilete: Olav Grendstad

STOGA:

BTW - Bygland teater workshop for unge.

Torsdagar kl. 15.00 – 17.30. Instruktører:
Olav Grendstad, Astrid Carlsen og Karna
Emblemsvåg. Avslutting med film: 11.05.



D/S Bjoren: Det gamle fortøyningsanker
bruka av dampbåtane Bjoren og Dølen til
vinteropplag i Senumskilen har i nokre år
stått nedgradera ved toalettbygget. No fekk
det ny og synleg plass på museumstunet.



DUGNAD RUNDT STOGA: Stranda ved Stoga på Bygland er ferdig raka, og det blei fjerna mange store steinar som vart brukt til å reparere steingjerdet ved stranda. Det vart også plukka glass. Rundt Stoga vart det hogd tre, brent kratt og rusk. TAKK til alle som var og fortsatt er med på dette prosjektet! No kan sommarsesongen starte 😊



BJOREN BRYGGE på Presteneset på Bygland



**Mai
BRYGGA**

06. Bryggeåpent 19-01
12. Lukka selskap :)
13. Bryggeåpent 19-01
17. Åpent frå 15
20. Gourmet middag (fullt)
25. QUIZ
28. Lazy Sunday Afternoon



**Ved andre ting, bare ring
Nina 93262168**

KONG HANES EFTF. Korøving kvar onsdag kl. 19.30, musikkrommet på Bygland skule.

Koret er med på 17. mai-festen på Bygland ☺



BYGLAND HORN MUSIKK – med konsert 6. mai og korpsmusikk på 17. mai på Bygland ☺

Kultursscena på Bygland Skule Billett med inngongen kr 100,-

SHOWBAZ

Underholdningskonsert med "Noregs lengste korps"
Laurdag, 6 Mai, kl. 18.00 - 21.00

Ein hyllest til Ukraina saman med songarane Anna, Olena og Olga frå Ukraina!

Saman med solist: **Hege Jore** **Gakkestad** samt dirigent: **Ingrid Eieland Flåt** og ikkje minst konferansier: **Olav Grendstad**



Evje & Hornnes Sparebank Valle Sparebank - sikret med deg

KORPSGLEDE FOR ALLE
- EN KONSERTSERIE



NMF Samarbeidspartner

BYGLAND, EVJE OG HORNNES KULTURSKULE: **Kulturskuleåret 2023/24 - tilbud**

Påmelding til nytt kulturskuleår har søknadsfrist 10. mai resp. 15. mai: e-h.kommune.no/soek-elevplass.430384.no.html



KULTURSKOLE
BYGLAND • EVJE OG HORNNES

Kulturskulen har følgende tilbud:

Kulturkarusell, piano (individuell), song (individuell), gitar, bass, trommer og band, musikkteater. **Søknadsfrist 10.05.**

Tilbud innom folkemusikk:

Hardingfele, kveding, munnharpe, leikarring. **Søknadsfrist 15.05.**

Bygland, Valle og Bykle samarbeider om folkemusikktilbudet. Dette er ei satsing på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarven. Nye elevar får høvet til å prøve ut ulike instrument, og det blir mykje samspel. Det kan også bli aktuelt å gi gruppeundervisning dersom fleire nybyrjarar søker på same instrument.

Kva tilbod som vil bli gjeve er avheng av etterspurnad og tilgjengelege lærarressursar. Tilboda gjeld fortrinnsvis elevar frå Bygland kommune. Det blir opne for at elevar frå Evje og Hornnes også kan søkje om plass. Dette er avheng av ledig lærarkapasitet.

BADMINTON i Byglandshallen - torsdag kl. 19.00 – 20.30. Instruktørar: Astrid og Steinar Carlsen / Bygland IL

BOKKAFÉ på biblioteket på Byglandsfjord – tysdagar kl. 12.00 -14.00

MED GLIMT FRÅ

UKRAINAKVELD på Vonheim, tysdag 2. mai

Tysdag 2. mai inviterte diakonien og flyktninghelsetenesta i Bygland til ein Ukrainakveld for flyktningar og byglendingar på Vonheim bedehus.

Det ble servering av heimelaga mat, song, konkurransar og intervju. Salen var proppfull med glade gjester som feira det nye naboskapet. Maten var svært god, og atmosfæren toppa alle forventningar. Prostidiakon Per Emanuelsen intervjuar både Andrej og Natasha frå Ukraina og ordførar Sigbjørn Åge Fossdal. Vi song begge nasjonalsongane. Så ble det kviss med Gro Tove, og musikk med Helene (piano) og Vladislav & band.

Takk til alle nordmenn og ukrainarar som var med til å gjere denne kvelden til ein stor oppleving! Ein ekstra takk går til flyktningkonsulenten Marianne Hodne Haugvik og Tone Gakkestad som var initiativtakar. 😊

Alle bilete: Malin Hegenscheidt



COOP OSE sitt 30 årsjubileum, laurdag 22. april. Det vart og feira Ingbjørg Heistad sitt 53 årsjubileum som salsassistent. Vi gratulerer! 😊





KVA SKJER I BYGLAND?

Mai 2023

(med atterhald om endringar)

GOD 17. MAI

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
tysdag 02.05.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
laurdag 06.05.	Noregs lengste korps, Bygland kulturscene	18-21	Underholdningskonsert med gjestesolister frå Ukraina og Bygland
måndag 08.05.	Bygland skule, Knutsbakk, Bygland	09.45	Markering av 8.mai med barnetog frå Bygland skule til bautaen på Knutbakk
tysdag 09.05.	Skogeigarlaga i Setesdal, Longerak	18.00	Skogkveld om ungskogpleie (sjå s. 5)
tysdag 016.05.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
17. mai på+ Bygland onsdag 17.05. (sjå s. 8 for program)	Bygland kyrkje	11.00	Gudsteneste
	17. mai komité, Bygland sentrum og skule, Knutsbakk og Byglandsheimen	frå og med 12.00 og utover dagen	Ved Knutsbakk: Kranse- nedlegging og tale. Folketog til Byglandsheimen og tilbake til Bygland skule. Fest på skulen etterpå
tysdag 23.05	Plan + Samfunnsutvikling, Årdalshallen	18.00	Ope møte om utvikling av Byglandsfjord sentrum
onsdag 24.05.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
sundag 21.05.	Bygland Filmklubb, Bygland kulturscene	19.00	Film: Everything Everywhere All at once (15 år)
tysdag 30.05.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
onsdag 31.05.	Byglandsheimen	11-14	Open dag

Aktiviteter til Bygland frivilligsentralen og ungdomsklubb: sjå s. 10-11